

---

**Fra:** Svein Kvamsdal  
**Sendt:** 28. november 2016 21:31  
**Til:** Karstein Totland; Svein Helge Hofslundsengen  
**Kopi:** Sveinung Toft  
**Emne:** Vedtak om festeavgifter

Hei

I møtet 17.11.16 vart det også vedteke å auke festeavgiftene frå 1.1.2017. Dette må sjåast i samanheng med eventuell del-finansiering av ei prestestilling. Kommunestyret må godkjenna dette vedtaket i Fellesrådet for at det skal vera gyldig. Her er vedtaket:

### **SAK MKF 43/16 AUKE I FESTEAVGIFTER**

**Sakshandsamar:** Svein.

**Bakgrunn:** Førre gang Fellesrådet vedtok å auke festeavgiftene var i eit møte i MKF 7. april 2015. Intensjonen den gong var å koma opp på same nivå som Austrheim, som etter opplysningar kyrkjeverje fekk derifrå, ville auke til kr 150,00 pr. år. Seinare viste det seg at soknerådet der vedtok å auke til kr 200,00 pr. år noko Gulen Fellesråd seinare kopierte. På grunn av dette har Masfjorden dei lågaste festeavgiftene i prostiet. Sett i lys av at kommuneøkonomien har vorte svakare, noko som også vil gå ut over løyvingane til kyrkja, så ynskjer kyrkjeverje at MKF aukar festeavgiftene opp på same nivå som Austrheim og Gulen.

**Dette skjedde i møtet:** Det var ingen motførestellingar til å auke opp festeavgiftene, prosten meinte at å uke med kr. 50,00 pr. år var ubetydeleg.

#### **Forslag til vedtak:**

Festeprisane vert auka etter det framlagte forslaget frå kyrkjeverje. Dei nye satsane vert som fylgjer:

1. Festeavgift pr. år for enkeltgrav når fredingstida er ute, (30-60 år) kr 200,00  
2. Festeavgift pr. år for enkeltgrav eldre enn 60 år. kr 320,00  
3 Festeavgift pr. år for særskilt gravstad på Frøyset, (9 graver) kr 1 600,00

Eingongssum for kistegrav for utanbygds kiste: kr 9 000,00  
Eingongssum for urnegrav for utanbygds urne: kr 3 000,00

For utanbygds kistegrav eller urnegrav vert det kravd festeavgift frå den dagen kista eller urna vert sett ned.

#### **Vedtak:**

Festeprisane vert auka etter det framlagte forslaget frå kyrkjeverje. Dei nye satsane vert som fylgjer:

1. Festeavgift pr. år for enkeltgrav når fredingstida er ute, (30-60 år) kr 200,00  
2. Festeavgift pr. år for enkeltgrav eldre enn 60 år. kr 320,00  
3 Festeavgift pr. år for særskilt gravstad på Frøyset, (9 graver) kr 1 600,00

Eingongssum for kistegrav for utanbygds kiste: kr 9 000,00.

Eingongssum for urnegrav for utanbygds urne: kr 3 000,00

For utanbygds kistegrav eller urnegrav vert det krevd festeavgift frå den dagen kista eller urna vert sett ned.

Vonar denne saka vil verta lagt fram for kommunestyret i møte 13.12.16

Med helsing

Svein Kvamsdal

Med helsing